

Kristian Bringedal frå Venstre til Høgre.

31.03.2016



Kristian Bringedal ser fram til å samarbeida med Øyvind Lernes og resten av høgregruppa.

(Oppdatert) Kristian Bringedal har bestemt seg for å kasta seg inn i kommunepolitikken for fullt når han vert pensjonist til sommaren. Det er ikkje uventa, men det som overraskar er at den trufaste venstremannen melder overgang til Høgre. Han påstår likevel at dette ikkje er noko som har kome brått på, men det er ein prosess som har gått over fleire år.

-Eg må vel sei at eg til tider har opplevd vinglestempelet til moderpartiet som litt plagsamt. No ser eg fram til å driva rettsnora høgropolitikk med klare målsetjingar, uttalar Kristian Bringedal om overgangen. Han legg heller ikke skjul på at usemjø har vore større i lokalpartiet siste åra enn det vi har fått inntrykk av utad med fleire vanskelege saker. Det skin tydeleg gjennom at skulestruktursaka har vore særskilt vanskeleg for Bringedal.

- Sjølv om eg har tenkt på denne muligheten ei stund, har eg ikkje sett det som så viktig å setja det ut i livet før. Som verksemgsleiar har eg hatt avgrensa muligheter til å vera aktiv i lokalpolitisk arbeid, utdjupar den tidlegare venstreleiaren. Når han no vert pensjonist, vert det heilt andre muligheter til dette. Han legg ikke skjul

på at det har vore eit tøft val for han, for på mange måtar føler han seg som skreddarsydd for det som etter hans syn var Venstre sine grunntankar.

Bringedal seier vidare at han synest det er naturleg å kunngjera dette no etter det gode samarbeidet han har hatt med lokallagsleiar Erlingur Nielsson og ordførar Peder Sjo Slettebø i samband med det komande statsministerbesøket. Han ser og fram til å møta statsminister Solberg og stortingsrepresentant Frølich som høgremann.

I høgrekrinsar er dei sjølvsagt svært glade for å få denne erfarte og dugande uskedelingen i sine rekkjer. Bringedal fortel også at gratulasjonane så smått har byrja å strøyma inn.

Ut frå respons og lesartal på denne saka kan det tyda på at lesarane meiner Kristian Bringedal er moden både for større parti og nye politiske oppgåver. Truleg har jubelen stått i taket i nokre av Høgre sine hus. At det berre var ein aprilspøk, har nok fått denne begeistringa til å leggja seg. Kanskje kan den gjenoppstå? Kven veit?

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Benthe Bondhus